

## EKSAMENSOPPGAVE

### JUS1111 - Privatrett I - Vår 2018

Dato: Torsdag 7.juni 2018

Tid: 09.00 - 15.00

Eksamen består av 2 deler.

---

#### **Del I: Praktikum. Antatt tidsbruk 4 timer**

Laura Aas solgte restaurantmøbler og møteromsmøbler i den høyere prisklassen fra sin bedrift i Oslo. Særlig populær var en serie basert på håndverkstradisjoner fra hennes opprinnelige hjemland, Estland. Laura samarbeidet med Lars Holm, som drev en trevarefabrikk i Bergen. Lars Holm produserte etter arbeidstegninger som Laura Aas hadde levert, og flere av hans ansatte hadde vært på opplæring i Estland.

Høsten 2017 fikk Laura Aas en stor bestilling fra en restaurantkjede, og hun mente det var gode utsikter til flere leveranser her. Lars Holm satte i gang med produksjonen etter avtale med Laura Aas. Leveringen fra Lars Holm skulle etter avtalen skje på godsterminalen for jernbanen i Bergen den 16. januar 2018. Laura Aas bestilte selv togtransport til Oslo, og hun skulle den 18. januar 2018 levere i Oslo til sin kunde.

Om morgenen den 16. januar satte Lars Holm konteineren med møblene inn på godsterminalen for jernbanen i Bergen. Samme dag ble det kjent at alle tog mellom Bergen og Oslo var innstilt i flere dager på grunn av snøstorm i fjellet. Laura Aas var fortvilet med tanke på at hun kunne miste den gode kunden, og hun forklarte i en e-postmelding til Lars Holm at dette kunne bli til stor skade for både ham og henne. Hun spurte om han kunne komme på andre måter å frakte møblene til Oslo på. Lars Holm var først litt tvilende og minnet om at han hadde gjort sitt. Likevel skrev han til slutt i svarmeldingen sin: "Jeg kan gjøre deg en tjeneste med å kjøre varene til Oslo. Jeg har lastebil og kan sette konteineren på den og være i Oslo ut på dagen den 17. januar. Jeg må ha betaling for transporten, men jeg ønsker ikke at vi skal endre avtalen vår ut over dette." Til dette svarte Laura Aas straks, fremdeles på e-post: "Betaling er selvsagt i orden. Flotte greier."



I samråd med Laura Aas fikk Lars Holm utlevert konteineren fra godsterminalen og satte seg bak rattet på tur til Oslo. Etter noen timers kjøring ble lastebilen tatt av et stort snøras som gikk over vegen, og lastebilen veltet. Lars Holm kom uskadd fra det, men konteineren havnet nede i ura, og innholdet var helt ødelagt. Politiet og de sakkyndige var samstemte om at Lars Holm hadde kjørt helt forsvarlig, og det hele var et hendelig uhell.

Lars Holm krevde betaling for varene. Han pekte på at han hadde levert i samsvar med avtalen, og at det ikke skulle gå ut over ham om varene gikk tapt ved en tilfeldig hendelse etterpå. Laura Aas mente derimot at hun kunne heve avtalen, og hun ville derfor ikke betale kjøpesummen. Hun pekte på at de hadde endret leveringsvilkårene, og at leveringen nå skulle skje i Oslo. Varene var ikke levert, og nye møbler kunne ikke produseres i tide. Restaurantkjeden hadde hevet avtalen med henne. Hun krevde at Lars Holm skulle betale erstatning for den fortjenesten hun gikk glipp av fordi hun mistet avtalen med kunden sin. Et kjørehell kunne ikke frita Lars Holm for ansvar, mente hun. Lars Holm var uenig i disse synspunktene. Han var enig i at restaurantkjeden hadde rett til å heve avtalen med Laura Aas, men mente at det ikke skulle gå ut over ham.

### **Spørsmål:**

- 1** Hadde Laura Aas og Lars Holm avtalt et nytt leveringssted for varene?
- 2** Dersom leveringsstedet ikke var endret; kan Laura Aas heve kjøpsavtalen med Lars Holm?
- 3** Dersom leveringsstedet var endret; kan Laura Aas heve kjøpsavtalen med Lars Holm?
- 4** Dersom leveringsstedet var endret; kan Laura Aas kreve erstatning av Lars Holm for tapt fortjeneste på kontrakten med restaurantkjeden?

Et eventuelt ansvar på grunnlag av en selvstendig avtale om transport skal ikke drøftes.



**Del II: Teori. Antatt tidsbruk 2 timer**

Redegjør for fastleggelsen av erstatningsrettslig relevant skade.

**Alle spørsmål skal besvares.**

Oslo, 24.05.2018



Birgitte Hagland

Faglig eksamensleder



## EKSAMENSOPPGÅVE

### JUS1111 - Privatrett I - Vår 2018

Dato: Torsdag 7.juni 2018

Tid: 09.00 - 15.00

Eksamen utgjør to delar.

---

#### **Del I: Praktikum. Antatt tidsbruk 4 timer**

Laura Aas selde restaurantmøblar og møteromsmøblar i høg prisklasse frå verksemda si i Oslo. Særleg populær var ein serie basert på handverkstradisjonar frå hennar første heimland, Estland. Laura samarbeidde med Lars Holm, som dreiv trevarefabrikk i Bergen. Lars Holm produserte etter arbeidsteikningar som Laura Aas hadde levert, og fleire av hans tilsette hadde vore i Estland på opplæring.

Hausten 2017 fekk Laura Aas ei stor bestilling frå ei restaurantkjede, og ho meinte det var gode utsikter til fleire leveransar her. Lars Holm sette i gang produksjonen etter avtale med Laura Aas. Levering frå Lars Holm skulle etter avtalen skje på godsterminal for jarnbanen i Bergen den 16. januar 2018. Laura Aas bestilte sjølv togtransport til Oslo, og ho skulle levere i Oslo til sin kunde den 18. januar 2018.

Om morgonen den 16. januar sette Lars Holm konteinaren med møblane inn på godsterminalen for jarnbanen i Bergen. Same dag vart det kjent at alle tog mellom Bergen og Oslo var innstilte i fleire dagar på grunn av snøstorm i fjellet. Laura Aas var fortvila med tanke på at ho kunne miste den gode kunden, og ho forklarte i ei e-postmelding til Lars Holm at dette kunne bli til stor skade for både han og henne. Ho spurde om han kunne koma på andre måtar for å frakte møblane til Oslo. Lars Holm var først litt tvilande og minte om at han hadde gjort sitt. Likevel skreiv han til slutt i svarmeldinga si: "Eg kan gjera deg ei teneste med å køyre varene til Oslo. Eg har lastebil og kan setje konteinaren på den og vera i Oslo ut på dagen den 17. januar. Eg må ha betaling for transporten, men eg ønskjer ikkje at vi skal endre avtalen vår ut over dette." Til dette svara Laura Aas straks, framleis på e-post: "Betaling er sjølvsagt i orden. Flotte greier."



I samråd med Laura Aas fekk Lars Holm utlevert konteinaren frå godsterminalen og sette seg bak rattet på tur til Oslo. Etter nokre timars køyring vart lastebilen teken av eit stort snøras som gjekk over vegen, og lastebilen velta. Lars Holm kom uskadd frå det, men konteinaren hamna nede i ura, og innhaldet var heilt øydelagt. Politi og sakkunnige var samstemte om at Lars Holm hadde køyrt heilt forsvarleg, og det heile var eit hendeleg uhell.

Lars Holm kravde betaling for varene. Han peikte på at han hadde levert i samsvar med avtalen, og at det ikkje skulle gå ut over han om varene gjekk tapt ved ei tilfeldig hending etterpå. Laura Aas meinte derimot at ho kunne heve avtalen, og ville derfor ikkje betale kjøpesummen. Ho peikte på at dei hadde endra leveringsvilkåra, og at levering no skulle skje i Oslo. Varene var ikkje leverte, og nye møblar kunne ikkje produserast i tide. Restaurantkjeda hadde heva avtalen med henne. Ho kravde at Lars Holm skulle betale skadebot for den fortienesta ho gjekk glipp av fordi ho mista avtalen med sin kunde. Eit køyreuhell kunne ikkje fritta Lars Holm for ansvar, meinte ho. Lars Holm var usamd i desse synspunkta. Han var samd i at restaurantkjeda hadde rett til å heve avtalen med Laura Aas, men meinte at det skulle ikkje gå ut over han.

**Spørsmål:**

- 1 Hadde Laura Aas og Lars Holm avtala ny leveringsstad for varene?
- 2 Dersom leveringsstaden ikkje var endra: Kan Laura Aas heve kjøpsavtalen med Lars Holm?
- 3 Dersom leveringsstaden var endra: Kan Laura Aas heve kjøpsavtalen med Lars Holm?
- 4 Dersom leveringsstaden var endra: Kan Laura Aas krevje skadebot av Lars Holm for tapt fortieneste på kontrakten med restaurantkjeda?

Eventuelt ansvar på grunnlag av ein sjølvstendig avtale om transport skal ikkje drøftast.



**Del II: Teori. Antatt tidsbruk 2 timer**

Gjer greie for fastlegginga av erstatningsrettsleg relevant skade.

**Alle spørsmål skal svarast på.**

Oslo, 24.05.2018

  
Birgitte Hagland  
Fagleg eksamensleiar

